

Lars J. Nå
Bleievegen 66
5776 Nå

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Klage på avslag på søknad om plassering av salsbu for frukt ved fv. 550 – Nå – Ullensvang kommune. Sak referanse 2020/58468-8.

Bakgrunnen for avslaget er at omsøkt plassering av salsbua kan medføre trafikkfarlege situasjonar. Dette har eg vanskeleg for å forstå.

Ved plassering av salsbua slik som omsøkt, vil den ikkje vera til hinder for sikt for køyretøy verken på fv. 550, fv. 5104 Reisætervegen eller den kommunale Bleievegen.

Det er lagt til rette for parkering for 4 personbilar / 2 bubilar samtidig ved bua. Ut frå erfaring er det svært sjelden at meir enn ein kunde handlar samtidig, derfor er dette etter mi meining rikeleg parkeringsplass.

Dersom ikkje, kva er i tilfelle kravet til parkeringsplassar ved ei salsbu ?

Eg kan ikkje sjå at den omsøkte plasseringa skal vera meir trafikkfarleg enn tilsvarande salsbuer langs fv. 550. I den samanheng ser eg på eit avslag som ein klar forskjellsbehandling i forhold til andre salsbuer som eg ikkje ser argumenta for.

Langs vegane i Hardanger opplever både turistar og fastbuande salsbuer som eit positivt innslag. Eg har også inntrykk av at vegvesenet ser på dette på same måte.

Håpar derfor at vedtaket kan verta omgjort, og at omsøkt plassering vert godkjent.

Med vennleg helsing Lars J. Nå